



Finansdepartementet  
Postboks 8008 DEP  
0030 Oslo

Vår referanse  
22/3727 22/15577

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Eldar Rune Øye

Dato  
27.07.2022

## **Høyringsuttale - Framlegg til endringar i eigedomsskattelova om eigedomsskatt på grunn under kraftliner**

23. juni 2022 sendte finansdepartementet ut eit høyringsframlegg om å endre reglane i eigedomsskattelova knytt til skattlegging av grunn under kraftliner. Bakgrunnen er «Statnett III-domen» av 11. oktober 2021. Domen, som no er rettskraftig, opnar for at eigarar av grunn under kraftlinene også må sjåast på som skattedebitorar og ikkje netteigar åleine, som har vore rettspraksis tidlegare.

Høyringsframlegget går ut på at netteigar skal betale skatt på verdien av retten til å føre fram og ha kraftline over grunnen, og at grunneigarar skal betale eigedomsskatt av restverdien som måtte vere att.

Dette framlegget er både prinsipielt og praktisk svært uheldig. Det er prinsipielt uheldig fordi det opnar for skattlegging av ein rett og ikkje fast eigedom, slik forståinga har vore fram til no. Dette kan opne opp for nye ukjende tvistar i framtida og er eit brot med prinsippet om at eigedomsskatt er skatt på fast eigedom og ikkje på rettar.

Praktisk sett er det særstakt uheldig for kommunane fordi ei slik omlegging vil føre til behov for omtaksering av alle kraftleidningar. Ikkje berre Statnett sine leidningar, men også regionalnettet og distribusjonsnettet. Dette vil gje betydelege meirkostnader og meir arbeid for kommunane. I dag veit ingen korleis dette skal gjerast då Statnett III-domen ikkje gjev nokon form for føring for dette arbeidet.

Ørsta kommune vil på det sterkeste rå frå å gjennomføre desse lovendringane. Kommunen ber finansdepartementet om å lytte til KS og LVK si enkle og kloke løysing etter Statnett III-domen, som også fjernar behovet for omtaksering. Denne løysinga inneber eit nytt punkt i § 8 A-2, andre ledd, siste setning: *«Det er eigaren av anlegget som skal svara skatten på anlegget, inkludert tomt som høyrer til.»*

På denne måten kan kommunane halde fram med å skrive ut skatt på grunn under kraftlinene om lag som før, utan omtaksering. Å skrive ut eigedomsskatt på grunneigarar for kraftliner som går over deira grunn, som dei ikkje har bedt om og som legg store hindringar på landbruks-/skogsdrift, er ikkje ei god løysing.

Ørsta kommune vil difor slutte seg til dei synspunkta og den uroa som kjem til uttrykk i KS og LVK sin vedlagde høyringsuttale dagsett 25. juli 2022.

Med helsing

Wenche Solheim  
kommunedirektør

Eldar Rune Øye  
assisterende kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til  
Landssamanslutninga Av      Akersgata 30      0158      Oslo  
Vasskraftkommunar  
Volda Kommune                  Stormyra 2      6100      Volda